# PARAGUAY-POSTEN.

Nr.2. 1981. RED: Fam.Bjørnevoll,Ruta Mcal.Estigarribia 769,CAACUPE.....

## TIDA HO RENN SOM ELV MOT OS...

Ja,kven kan vel stogga tida på si ferd? Ein kunne ha lyst til det i enkelte stunder, men det er utanfor vår makt.
Rart er det i alle fall at me har kome til starten på mai før me er i gang med dette nummeret. Og like lite som de andre kan seia kvar tida vart av,kan me det. Dagane for berre. Time etter time og dag etter dag. Ut i æva sitt endelause veldige hav.
Det skal verta spanande å koma på andre sida av livet og tida å få sjå kva som er på andre sida. Tru kor det ser ut?
Det seiest at "EIN LÆRER SÅ LENGE EIN LEVER", men det vert nok ingen ting mot det me skal få lære på andre sida av det forhenget som er kalla døden...

Sant nok, me veit lite. Det er eit steg ut i det store ukjende det å gå frå TIDA til ÆVA. Men me har ein som har gått føre, og som er kalla "førstegrøda". Så veit me i alle fall at me kjem ETTER.Og Han sa at han skulle laga til mange rom for oss."LAT IKKJE HJARTA DYKKAR UROAST". Det var godt å få feira påske.Og opstandelsessøndagen bar vona i seg, no som før. Ei tom grav som vitna om mange tomme graver i framtida.

Di og mi;-og me er klare,og ferdige med livets viktigaste spørsmål:DET Å OVERGJEVA SITT LIV,si synd,feil, manglar og alt anna, til Jesus Kristus.

HAN VÆRE ÆRA I ALL ÆVA.....

SOM DAGANE GJEKK...

2.-8.Februar var det UNGDOMSLEIR.
Den vart halden her i Caacupe på eit leigt leirområde litt utanfor byen.Rigmor og Thorleif Overhalden stod for den, og hadde familien Stuksrud til hjelp. Det var ikkje så mange på leiren som enkelte år før, men dei hadde gode samlingar.
Me i menigheten her i byen var ute på kveldsmøta,og det gjorde godt også for dei som ikkje kunne vera med heile tida.

10.-11.mars var det FELTKONFERANSE
I år var samlingsstaden Paso Cadena. Vegen var god og det var kjekke samlingar. Me sjølve var slitne og me vart heime i år.Det er langt å køyra og VW-bussen har hatt problem.

16.-21.februar var det bibelstudium og årsmøte for menigheitene.
Det var i Pedro Juan Caballero i år. Inge køyrde og var innom til utposten vår i Nuclear 1.Derfrå vart br. Terecio med. Diverre var det ei tid med mykje regn og elendige vegar.Køyringa var noko av det verste me har hatt denne perioden og sist periode. Det vart spaing og slit,men det gjekk.
Sjølve konferansen var fin.Det har stått referat i KS,så det er vel lite å ta opp att.Vil berre understreka den åndaatmosfæren som var der.Det var ynske om meir av Gud, og at Han måtte bevara oss frå det vonde. Alt Guds verk har ein fiende som vil røva,stela og øydeleggja. Berre Gud kan bevara både oss som står oppe i arbeidet, og det arbeid som er Guds.




Av andre ting som har hendt, var dette med LUIS, som Bjørn Inge har teikna og skrive om:

L U I S.

En venn av meg som heter Luis, brente seg på foten. Og ingen vet hvordan det hendte. Og han kom til mamma med moren sin. Mamma stelte han på foten. Og foten var fin etter noen dager.

Noen dager seinere hadde han tatt av bindet flere ganger så foten ble så stygg. Det kom puss i såret. Mamma satte sprøyte på foten og skar av skinnet. Og det ble finere og finere for hver dag. Og nå er foten så fin og moren er så glad.

HILSEN FRA Bjørn Inge.

(Luis går på søndagsskulen vår. Nokre dagar køyrde Inge han på skulen, for lærarinna hadde sagt at kom han ikkje, så måtte han gå ned ein klasse. Men det vart berga, og no kan Luis gå på skulen åleine. Men han haltar litt.. Elles har han fått bukse, sko og skulebøker frå søndagsskulen i Tabernaklet, Bergen. Dei samlar inn pengar til han og søstra, så dei kan få gå på skulen. Og år etter år han Luis vore flinkaste elev i klassen!)

MARCIANA.

Jeg har en venninne som heter Marciana. Hun går på søndagsskolen sammen med meg. Hun kommer til oss for å leke. Marciana har en stor hund som jeg er redd for. Foreldrene hennes og søsknene hennes er katolske. Dere må be om at hele familien kan bli frelst.

HILSEN FRA GUNN RANDI.







Gunn Randi fortel elles dette:

I dag skal vi ha noe godt til middag som heter TOPTILLA. Vi liker TORTILLA veldig godt. Det er en typisk paraguayermat. Alle blir glade når de hører at vi skal ha tortilla.

Det lages av:
Hvetemel, salt, hvitost, hakket løk, egg, melk, og litt vann. Røres sammen som en tjukk pannekakerøre. Steikes i gryta med rikelig olje. Serveres varme.

(Har de lyst å prøva, så er de velkomne. Me et det med kokt mandioka til. Her er nok til deg og, så berre kom. Bordet kan og for-lengjast..).

Gunstein Martin ville og teikna og få ei helsing til deko i Paraguayposten. Her kjem den:



Og Unni Irene ville teikna frå søndagsskulen:





I går hadde vi mangen paraguayerbørn på besøk. Vi lekte TAMBO-LINJA.Vi lekte VIPPEDISSE. Vi spiser mandariner. Vi har fire mandarintre i hagen. De er fulle av frukt som er nesten helt gule.

Hilsen Maria 8 år SYNNØVE

---



Inger Johanne har dette på hjertet:

RADIOPROGRAM AV KVINNER FOR KVINNER:





Så er det min tur til å skrive til dere alle. Takk for all forbønn i månedene som gikk siden siste Paraguayposten.Nå kommer jeg med et nytt bønneemne som trenger mye forbønn.Og det nye er et radioprogram FOR KVINNER AV KVINNER:

For vel en måned siden var radioarbeiderne fra de tre Filadelfiamenighetene samlet, og da kom det fram ønske om et eget program for kvinner. På et nytt møte 21.april ble misjonær Margarita Müller,søster Beatriz og jeg valgt til å stå for disse programmene. Det er noe helt nytt for oss,så vi avhenger av dine forbønner.

Kvinnene her ute står i en spesiell stilling,da hjemmet blir holdt sammen av dem.Mennene er mer ustadige,og flytter ofte. Han finner da seg gjerne en ny"kone" og får ny familie.

Hensikten med programmene er å prøve å nå paraguayerkvinnene på deres eget nivå. Meningen er å starte opp i hovedstaden på en av stasjonene der.Mandag 4.mai var vi tre samlet og la til rette hvordan vi videre skal arbeide, og vi snakte om programopplegget.